



LOVDATA

OPPHEVET

Forskrift om tilskot til produsentretta rådgjeving i grøntsektoren.

Dato	FOR-1997-06-05-1557
Departement	Landbruks- og matdepartementet
Publisert	I 2002 hefte 15
Ikrafttredelse	01.01.1998
Sist endret	FOR-2008-10-22-1136
Endrer	FOR-1977-02-17 , FOR-1988-09-27
Gjelder for	Norge
Hjemmel	FOR-1991-09-25-1018-§2 , LOV-1936-07-10-6-§11
Kunngjort	25.10.2002
Korttittel	Forskrift om produsentretta rådgjeving

Heimel: Fastsett av Omsetningsrådet 5. juni 1997 med heimel i forskrift av 25. september 1991 nr. 1018 om anvendelse av midler fra omsetningsavgiften til faglige tiltak og opplysningsarbeid § 2 nr. 2, jf. lov av 10. juli 1936 nr. 6 til å fremja umsetnaden av jordbruksvaror § 11.

Endringar: Sist endra 10 juni 1999. Oppheva 22 okt 2008, jf. forskrift 22 okt 2008 nr. 1136.

§ 1. Formål

For å fremme omsetninga av norskprodusert frukt, jordbær og grønsaker kan det gjevast tilskot til tiltak for å betre produktkvaliteten og til produsentretta informasjon om marknadsforholda, tilrådingar om leveransar m.m. med sikte på å tilpasse produksjonen til marknaden.

§ 2. Tiltak for å fremme produktkvalitet

For å fremme produktkvaliteten kan det gjevast tilskot til informasjonstiltak overfor produsentar av dei produkta som vert omfatta av denne forskrift. Det kan også gjevast støtte til informasjons- og motivasjonstiltak overfor butikkpersonale.

§ 3. Informasjon om marknadsforhold

For å tilpasse leveransane av varer til etterspurnaden, kan det gjevast tilskot til informasjon overfor produsent om marknadssituasjonen.

Informasjonen kan omfatte prognosar for produksjon og produsentprisar. Vidare kan det gjevast støtte til generelle tilrådingar om framtidige produksjonsvolum. Arbeidet med utarbeiding av leveranseavtalar gir ikkje grunnlag for tilskot.

Det kan søkjast tilskot til innsamling og bearbeiding av data om prisar og produksjonsforhold.

Informasjonen og tilrådingane skal vere tilgjengelege for alle interesserte uten ekstra kostnader.

§ 4. Søknad om tilskot

Søknaden skal innehalde budsjett og omtale av bakgrunn, formål, konkrete mål og tiltak. Av budsjettforslaget skal det gå fram kva støtte det er søkt om frå andre enn Omsetningsrådet og kor stor eigenandel søkjaren deltek med.

Det vil bli lagt vekt på om tiltaket er utforma slik at det når flest mogleg produsentar av vedkomande produkt. Det vil også bli lagt vekt på om tiltak retta mot produsent er organisert slik at produsentar er aktive i utforming og gjennomføringa av tiltaka.

Ved fordelinga av tilskot kan det leggjast vekt på antal produsentar som er den primære målgruppa for søkjaren og på om dei planlagde tiltaka dekkjer produsentane av vedkomande produktgruppe i dei ulike distrikta.

Frist for å sende søknad til Omsetningsrådet er 15. september.

§ 5. Tilskot

Tilskot kan ytast av midlar til kollektiv dekning av omsetningsavgift over jordbruksavtalen.

Innafor ramma for løyvinga kan det gjerast delutbetalingar. Dei siste 25% av tilskotet vert utbetalt når rapport og rekneskap er godkjende av Omsetningsrådet.

§ 6. Rapportering om arbeidet

Innan 1. mars skal det sendast rapport til Omsetningsrådet om arbeidet i føregåande kalenderår. Rapporten skal innehalde evaluering av arbeidet som er utført i forhold til planen og rekneskapen for bruken av midlar må vere attestert av uavhengig revisor eller av eit autorisert rekneskapskontor. Rapporten vil bli lagt fram for Omsetningsrådet.

§ 7. Iverksetjing

Denne forskrift vert sett i verk frå 1. januar 1998. Retningslinene for Norsk Gartnerforbund si konsulentteneste,¹ vedtekne av Omsetningsrådet 17. februar 1977 og Retningslinjer for A/L Gartnerhallens konsulentteneste som det ytes tilskudd til av midler fra omsetningsavgiften på grønnsaker, frukt og jordbær,¹ vedteken av Omsetningsrådet 27. september 1988, vert oppheva frå det same tidspunktet.

¹ Ikkje tidlegare kunngjort i Norsk Lovtidend.

